



J H Nævdal Bygg AS
Leirvikåsen 41A
5179 GODVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3851 - 17/13790

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
12.05.2017

Ferdigattest Fleirbrukshall - gbnr 195/76 Leiknes

Administrativt vedtak. Saknr: 223/17

Tiltakshavar: Lindås kommune v/Terje Fauske
Ansvarleg søkjar: J H Nævdal Bygg AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 12.01.16 samt igangsettingsløyve datert 09.02.16, 02.06.16, 30.06.16 og 31.10.16. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 11.05.17 og supplert 12.05.17.

Skildring

Adresse:	Leknesvegen 117
Bygningstiltak:	Fleirbrukshall
Bruksareal:	1387 m ²
Vatn og avlaup:	Offentleg

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for fleirbrukshall på gbnr. 195/76. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3851

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune v/Terje Fauske

Kvernhusmurane 20 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

J H Nævdal Bygg AS

Leirvikåsen 41A 5179

GODVIK